

Til Hordaland fylkeskommune,  
kultur og idrettsavdelinga  
Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900, 5020 Bergen

Bømlo Janitsjar

Pb 72

5430 Bremnes

### **Tilbakemelding i sak nr 2016/6676**

Bømlo Janitsjar ber om orsaking for at rapporten etter Bømloblåsen 2016 er vorten forsinka. Det er ulike omstende til det, mest store utskiftingar i styret.

Bømloblåsen 2016 vart gjennomført 22. oktober.

Seks skulekorps melde seg på og kom til Bømlo kulturhus for å konkurrera: Sveio/Førde skulekorps, Bømlo samarbeidskorps, Langeland skulekorps (Stord), Moster skulekorps (Bømlo), Stord skulekorps og Hillestveit/Våge samarbeidskorps.

I tillegg vart det arrangert samspeleseminar for dei aller yngste musikantane som elles ikkje er byrja i skulekorpsa, men som er aspirantar.

To profesjonelle dommarar var leigde inn.

Det var festkonsert med premieutdeling etter at konkurransane var over, der Bømlo Janitsjar, forsterka av dei eldste skulekorpsmusikantane, stod for konsertprogrammet. Aspirantane deltok også, saman med BJ, med dei to musikkstykkane dei hadde øvd på tidlegare på dagen.

Det vart ein inspirerende og kjekk korpsdag, der musikantane møttest på tvers av korps- og kommunegrenser, og får konkurrera mot kvarandre på ein uhøgtideleg måte.

Medlemmane i BJ står for organiseringa av konkurransedagen, med vakthald, kafeteria, og sekretariat slik at dagen skal gå mest mogeleg feilfri av stabelen.

Me takkar hjarteleg for støtta frå Hordaland fylkeskommune.

Bremnes 19.4.17

Mvh Randi Olsen, skrivar